

# Kulturminneplan i kommunane 2013-2016 (KIK)



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE



Restaurering av våningshus på Eidsvågneset, Bergen . Foto: Roald Landøy, Hordaland fylkeskommune 2005



# Innhold

<b>Bakgrunn .....</b>	<b>1</b>
<b>Utfordringar for kulturminnevernet i Hordaland .....</b>	<b>1</b>
1. Høge tap av kulturminne i kommunane.....	1
2. Kulturminnevern er lite tydeleg som fag- og politikkområde i lokal forvalting.....	1
3. Manglande kulturminneplanar for mange kommunar .....	2
4. Manglande tilgang til digitale register over kulturminne i alle kommunar.....	3
<b>Strategiar for å løyse utfordringane .....</b>	<b>3</b>
1. Reduserte tap krev utvikling av kompetanse i kommunane.....	3
2. Betre samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane-redusert tal på motsegnssaker og vekt på tidleg dialog.....	3
3. Styrke kommunane sitt arbeid med kulturminneplanar.....	4
4. Leggje til rette for bruk av digitale kulturminneregister i kommunane.....	4
<b>Samspel stat, fylkeskommune, kommune .....</b>	<b>5</b>
<b>Etablering av prosjekt: .....</b>	<b>5</b>
Mål 1: Kunnskap og kompetanse .....	5
Mål 2: Samarbeid .....	6
Mål 3: Kulturminneplanar.....	6
Mål 4: Dokumentasjon.....	6
<b>Skildring av prosjektet .....</b>	<b>7</b>
1. KUNNSKAP OG KOMPETANSE .....	7
2. SAMARBEID: .....	8
3. KULTURMINNEPLANAR: .....	9
4. DOKUMENTASJON: .....	9
Interessentanalyse .....	11
Risikovurdering .....	11
Aktivitetsplan .....	12
Tidsplan .....	12
Plan for kommunikasjon og rapportering .....	12
Ressursbruk .....	12
Organisasjon .....	13
Korleis prosjektet heng saman med andre oppgåve eller prosjekt .....	13
Overlevering og oppfølging av prosjekt etter prosjektslutt .....	13
<b>Vedlegg: .....</b>	<b>13</b>

# Bakgrunn

Basis for arbeidet i den regionale kulturminneforvaltinga er lovpålagte forvaltingsoppgåver med heimel i plan - og bygningsloven og kulturminneloven. Hordaland fylkeskommune sitt arbeid er tufta på hovudlinene i Fylkesdelplan for kulturminnevern 1999 – 2010, politiske vedtak i fylkesting og utval, og nasjonale retningsliner, sjá mellom anna sak 58/13 i Fylkesutvalet, Prioriteringar for kulturminneforvaltinga 2013, som legg grunnlag for fylkeskommunen si handsaming av dei nasjonale prioriteringane på feltet og formar særlege satsingar tilpassa Hordaland. Den regionale kulturminnepolitikken skal vidareutviklast i ny Regional plan for kultur 2014-2020 (under arbeid).

Hordaland er eit fylke med særeigne utfordringar, mellom anna skulda dei sterke demografiske endringane med høg vekst i Bergensregionen og i kystkommunane. Fylket har spesielle føremoner: verdsarv, sentrale nasjonale kulturminne, eit særmerkt landskap og viktigkystkultur. Vern og utvikling av desse ressursane må speglast i ein regionalt tilpassa kulturminnepolitikk.

## Utfordringar for kulturminnevernet i Hordaland

### 1. Høge tap av kulturminne i kommunane.

Ein stor del av forvaltingssakene i fylkeskommunen er planar og tiltak i vekstområda i fylket. Høgt tap av kulturminne skjer i stor grad i dei av desse kommunane som ikkje tek kulturminneansvar, ikkje har kulturminneplanar, der ein ikkje avklarar interessemotsetnader på førehand eller ikkje handsamar sakene etter gjeldande lovverk. Ein kan også identifisere tap av kulturminne som er skulda av fråvær av vekst eller endringar i næringsgrunnlaget –kommunar med folketalsnedgang har eigne utfordringar. Attgroing, forfall av landbruksbygningar eller nedlegging av industristader er slike døme.

Sett under eitt er resultatet av desse prosessane at mange kommunar taper store mengder kulturminne på kort tid (sjá tabell). Fleire indikatorar viser at trenden for lokale kulturminnegår i negativ retning, og i nokre område er situasjonen alarmerande. Etter førebelse undersøkingar gjort av Hordaland fylkeskommune og Riksantikvaren for SEFRAK-registrerte bygningar (før 1900) ligg årleg tap i Hordaland vesentleg høgare enn det nasjonale mål talet på 0.5 % /år. Mørketal – saker som ikkje vert handsama av forvaltinga, ikkje vert fanga opp av offentlege register, og ikkje-registrerte kulturminne, gjer at tapsprosenten er upresis. For Hordaland som heilskap er ein langt frå å nå dei dei politisk vedtekne måla for kulturminnevernet (jf Riksrevisjonen).

### 2. Kulturminnevern er lite tydeleg som fag- og politikkområde i lokal forvalting

Kommunane er primær styresmakt for alle plan- og byggjesaker og har brei kompetanse på sine forvaltingsoppgåver. Plan- og bygningsloven er det lokale styringsverktøyet for kulturminne og kulturlandskap, og kommunane har dermed også ansvar for dei fleste kulturminna som del av lokal arealpolitikk.

Dersom ein skal ha ei berekraftig kulturminneforvalting er det avgjerande at kommunane handterer dette feltet skikkeleg. Statistikk over tap av kulturminne i Hordaland stadfestar at dette ikkje er tilfelle. For kulturminne med regional eller nasjonal verdi, der staten og fylkeskommunen er mynde, er tapsprosenten låg. For lokale kulturminne der kommunane har avgjerdsmynde er tapstala urovekkjande høge. I mange saker finn fylkeskommunen det naudsynt å reise motsegn til arealplanar i kommunane, noko som ikkje er ønskjeleg i seg sjølv. I alle kommunar er det behov for å byggje communal kulturminnekjøpetanse for å betre den lokale handteringa av sakene.

Mellan mange oppgåver i kommunane vert kulturminne ofte sett på som eit perifert saksfelt. I tråd med nasjonale målsettingar er det likevel viktig at ein i større grad gjer kulturminne til ressursar for lokal


verdiskaping og samfunnsutvikling. Her er det behov for å støtte kommunane og lokale kompetansemiljø slik at kulturminne vert premissar i forvalting og utvikling.

### 3. Manglande kulturminneplanar for mange kommunar

Som regional kulturminne- og planstyresmakt har Hordaland fylkeskommune arbeidd for å stimulere kommunane til at kulturminne vert integrert i ei heilskapleg samfunns- og arealplanlegging. Tap av kulturminne må reduserast samtidig som dei sjåast som ein innsatsfaktor i lokal samfunnsutvikling. Gode kommunedelplanar for kulturminne med lokaleigarskap er ein viktig reiskap for å få dette til.

Fleirtalet av kommunane i Hordaland manglar slike planar. Ein del har vedteke å utarbeide slike i vedtekne planstrategiar i 2012-2016. Osterøy, Eidfjord, Fitjar, Sveio, Vaksdal, Radøy, Øygarden, Ullensvang og Kvam har alle sett oppstart av kommunedelplan kulturminne i perioden 2013-2014. Andre kommunar har ikkje meldt oppstart av kommunedelplanar, eller har ikkje sluttført igongsett arbeid (sjå oversyn).

I aukande grad er landskap ein del av kulturminnevernet sitt arbeidsfelt. Kommunane er sett i ei nøkkrolle når det gjeld å balansere omsynet til både utbygging og andre interesser, td kulturminne og kulturlandskap. Ein ser mange døme på at kulturminne og landskap er utfordrande interesser å handtere ved gjennomfør i kommunane ikkje har teke stilling til kulturminne ng av tiltak i kommunane. At mange av i eige planverk er mellom årsakene til konflikt mellom vern og utvikling, motsegner mv.



## 4. Manglande tilgang til digitale register over kulturminne i alle kommunar.

Register over kulturminne er særleg viktig styringsinformasjon for kommunane og fylkeskommunen. I handsaminga av arealplanar sit kommunane med svært ulik kompetanse i høve bruk av digitale register. Mange gjer ikkje nytte av dei, noko som kan forklare dei kommunale planane som kjem på høyring til fylkeskommunen og som er i konflikt med kjente kulturminne, td arkeologi.

Hordaland fylkeskommune har tidlegare prioritert arbeid med Askeladden (registeret over freda kulturminne), slik at det per dags dato ikkje er etterslep her. SEFRAK-registeret (nyare tids kulturminne) med skjema er pt ikkje digitalisert, men er tilgjengeleg i Askeladden med basisinformasjon (kartfesting) og med papirkopiar av originaldokumentasjon i kommunane. I Riksantikvaren sitt prioriteringsbrev forventar dei at fylkeskommunane følgjer opp arbeidet med kvalitetssikring av eldre registreringar i Askeladden. Etter siste gjennomgang av databasen er det ikkje gjort noko oppfylging anna enn nye innleggningar, noko som gjer at ein kan miste oversikt over tilstand og skadar på kulturminna, og følgjeleg ikkje kan følgje opp brot på kulturminnelova då foreldingsfrist ofte er ute. Det er også utarbeidd metodar for lokale registreringar slik at kommunane sjølv kan bidra til betre oversyn over lokale kulturminne.

### **Utfordringar -samandrag**

1. **Høge tap av kulturminne i kommunane i Hordaland.**
2. **Kulturminnevern er lite tydeleg som fag- og politikkområde i kommunane.**
3. **Manglande kulturminneplanar i mange kommunar.**
4. **Manglande tilgang til digitale register over kulturminne i alle kommunar.**

## Strategiar for å løyse utfordringane

### 1. Reduserte tap krev utvikling av kompetanse i kommunane.

Kommunane er det viktigaste av dei tre forvaltningsnivåa i høve dei fleste samfunnsområde –også kulturminne. Kommunal forvalting er tufta på sterkt lokal kjennskap og grunnleggjande kulturminnekompesante i kommunane er heilt avgjerande for å nå dei nasjonale målsettingane på feltet. Redusert tap krev at kulturminne vert premissar i dei relevante offentlege prosessane som kommunane styrer. Kulturminnevern er i stor grad avhengig av spesialistkunnskap, men dette har dei fleste kommunar ikkje rammer til å prioritere. Hordaland fylkeskommunen bør difor satse på å støtte opp under lokal kompetanse. Fylkeskommunen skal vere støttespelar og tilby ressursar som kan utvikle det kommunale arbeidet med kulturminne, til dømes ved tilrettelegging av informasjon og opplæring tilpassa kommunane sine behov. Meir vekt på lokale utviklingstiltak og verdiskapingsarbeid i kommunane kan også gje sterkare lokal forankring.

### 2. Betre samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane – redusert tal på motsegnssaker og vekt på tidleg dialog

Ofte kan lita interesse for kulturminnevern som politikk- og forvaltingsområde i kommunane skuldast at ein i stor grad legg ansvaret for handtering av lokale saker over på regionale styresmakter. Dette er ikkje ein konstruktiv praksis og betre samarbeid med kommunane og vekt på tidleg dialog er difor eit tema Hordaland fylkeskommune har hatt merksemeld på for å redusere tal på motsegnssaker.

Heilekappen i dette feltet kan styrkast vesentleg ved å prioritere kulturminnevern i forvaltninga er det viktig å være ansvarleg i forhold til sitt lovheimla myndesoppdrag. Kommunane bør så langt som råd få tidlege og tydelege svar i alle relevante plan- og byggjesaker, mellom anna i oppstartsfasen, obligatoriske planforum, synfaringar, arkeologiske registreringar og offentleg ettersyn. Det er viktig at både kommunar og fylkeskommune er proaktive i planprosessane, og at kommunane kan gjere aktiv bruk av fylkeskommunen for å løyse kulturminnefaglege utfordringar – gjerne før saker vert sendt på høyring. I godt samarbeid ligg eit stort potensiale for forenkling og effektivisering av kompliserte prosessar. Musea vil gjennom ordningar initiert av fylkeskommunen kunne fungere som kompetanseressurs i kulturminnespørsmål for kommunane.

Det bør utviklast gode lokale strategiar for handsaming av kulturlandskap og kulturminne der fylkeskommunen bidreg til at den lokale kompetansen i kommunane vert nytta. Hordaland fylkeskommune skal vere etterhalden med å bruke motsegn til å gripe inn i kommunalplanlegging, særleg i lokale saker. Motsegn i kulturminnesaker bør utan unntak berre tilrådast der det er openberr konflikt med regionale eller nasjonale kulturminneinteresser. I dag er mange av motsegna grunngjeve med kulturminne såkalla tekniske motsegner (feil iføresegner, feil i plankart, ikkje godkjente kostnadsoverslag for arkeologisk registrering osb). Dette er feil som er lette å rette opp i, men om det ikkje er ordna før høringsfrist går ut, er det einaste verkemiddel forvaltninga har motsegn, jf. statlege retningsliner om at verkemiddelet skal nyttast i slike tilfelle. I tillegg vert mange nye automatisk fredakulturminne påvist seint i planprosessen slik at planar må endrast. Her ligg det mange muligheter til å forenkle samhandlinga med kommunane.

Hordaland fylkeskommune har vore med i ei forsøksordning med delegering av mellombels mynde etter kulturminnelova, § 8 første, andre og fjerde ledd. Dette ansvaret låg tidlegare hjå Riksantikvaren og inneber i praksis at i enkle arkeologisaker kan fylkeskommunen no sjølv fatte vedtak om dispensasjon frå kulturminnelova. Ordninga er positiv i høve kommunane sidan sakshandsaming vert enklare og vesentleg raskare enn tidlegare.

### **3. Styrke kommunane sitt arbeid med kulturminneplanar.**

Ein kulturminneplan seier noko om kva kulturminne som ligg i kommunen og tek stilling til korleis ein skal ta vare på dei. Gode kulturminneplanar er effektive verktøy for å redusere uønskte tap av kulturminne, for å senke talet på motsegner frå fylkeskommunen til kommunale tiltak, og for å styrke den lokale eigarskapen til kulturminnevernet. Slike planar gjev eit meir forutsigbart kulturminneregime og alle kommunar bør ha planar som legg tydelege rammer for kulturminna sine.

Fylkeskommunen skal vere ein støttespelar for det lokale kulturminnearbeidet. Det er viktig at fylkeskommunen legg til rette for dei kommunane som skal starte opp arbeid med kommunedelplanar for kulturminne. Kommunar som er i gang er prioritertesamarbeidspartnarar, saman med dei kommunane som skal rullere eldre kommunedelplanar. Det er mogeleg å sjå for seg at vedtekne kulturminneplanar kan gje grunnlag for eit partnarskap/avtaler med kommunane om ei ansvarsdeling for kulturminne av lokal interesse, vurdert ut frå kommunane sine ressursar og behov. Desse kommunane vil dermed få større sjølvråderett over dette saksfeltet.

For dei kommunane som ikkje har kulturminneplan vil utfordringa være å leggje til rette for at kommunane prioriterer planarbeidet høgare. Dette samsvarar med Riksantikvaren sine forventningar til forvaltninga i fylkeskommunane.

### **4. Leggje til rette for bruk av digitale kulturminneregister i kommunane.**

Digitale register over kjende kulturminne skal vere enkle og førutseielege og gjere det enklare for kommunane å utarbeide arealplanar som ikkje er i konflikt med kulturminne med regional eller nasjonal verdi. Her må kommunane sin bruk av offentlege register styrkast. Det samegjeld etablering av enkle lokale register med oversyn over lokale kulturminne.

I fylkeskommunen er det viktig å utøve jamnleg kontroll av automatisk freda kulturminne i Askeladden, t.d. tilstand og kartfesting. Då Askeladden etter ei langvarig satsing av Hordaland fylkeskommune er godt oppdatert, ligg det føre eit stort potensiale for betre og meir effektiv kommunal sakshandsaming. God tilgang til SEFRÅK-materialet (hus bygd før 1900) er også viktig for kommunane. Digitalisering av skjema og å sikre lik tilgang for alle kommunar er eit tiltak som vil bli søkt sett i gong i løpet av prosjektpersonalen. Med gode og lett tilgjengelege register vil Hordaland fylkeskommune bidra til at kommunane sjølv kan gjera gode vedtak i alle saker som ikkje vedkjem regionale eller nasjonale kulturminneinteresser. Dette er enklare for kommunane og ei stor effektivisering for fylkeskommunen.

## **Strategiar -samandrag:**

1. Redusert tap av kulturminne – styrka kompetanse i kommunane
2. Betre samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane – mindre motsegner og vekt på tidleg dialog
3. Styrke kommunane sitt arbeid med kulturminneplanar.
4. Leggje til rette for bruk av digitale kulturminneregister i kommunane.

# **Samspel stat, fylkeskommune, kommune**

Prosjektet som skal auke kulturminnekompotansen i kommunane gjev høve til nye og effektive samarbeid som femner styresmaktene i stat, fylkeskommune og kommunar.

I 2010 lanserte Riksantikvaren prosjektet Kunnskapsløftet -ei langsiktig satsing med mål om å sikre og ta betre vare på freda og verneverdige kulturminne i landet. Satsinga er mellom anna ein respons på kritikken Riksrevisionen retta mot resultatstyringa i kulturminnevernet (Sjå dokument nr. 3:9, 2008-2009, *Miljøverndepartementets ivaretakelse av det nasjonale ansvaret for fredete og verneverdige bygninger*). Eit viktig tiltak er styrking av kulturminnekompotansen i kommunane i samband med registrering og kartfesting av kulturminne og utarbeiding av kulturminneplanar.

Fylkeskommunen har ein sentral plass i prosjektet gjennom tilrettelegging, utarbeiding av samarbeidsmodellar, kunnskapsformidling og rådgjeving. Denne satsinga er handsama av fylkesutvalet i sakene Prioriteringer for kulturminneforvaltinga 2011, 2012 og 2013.

For 2013 sendte Hordaland fylkeskommune inn ein søknad om støtte til ei slik satsing og la mellom anna vekt på samarbeidsmodell i Hordaland mellom fylkeskommune, musea og kommunane. For 2013 har Riksantikvaren løyvd ein million kroner til tiltak i Hordaland. Av desse går kr 800 000,- til åtte kommunar og kr 200 000,- til fylkeskommunen. Til saman sökte fjorten kommuner om støtte. Sveio, Fitjar, Stord, Odda, Vaksdal, Samnanger har tidlegare fått støtte frå fylkeskommune og/eller Riksantikvaren i arbeid med kulturminneplaner. Desse midlane utgjer den økonomiske startkapitalen i prosjektet.

Fylkesutvalet gjorde våren 2013 vedtak i sak 58/13 og sette ei målsetting om at alle kommunar i fylket skal ha ein kulturminneplan innan utgangen av 2015. Frist vart sett til 2016 gjennom vedtak i fylkesutvalet i sak 244/13. Dette er ei ambisiøs målsetting. Per i dag har ni av 33 kommunar slike planar, de eldste av desse er frå 1998 og såleis mogen for rullering. Den nyaste er Samnanger som vedtok sin kommunedelplan for kulturminne i mai 2013.

## **Etablering av prosjekt**

I tråd med drøftinga over etablerer Hordaland fylkeskommune eit tidsavgrensa prosjekt frå 2013-2016 der ein i samråd med kommunar og statlege styresmakter skal nå følgjande mål:

### **Mål 1: Kunnskap og kompetanse**

**Styrka communal kulturminnekompotanse skal redusere tap av lokale kulturminne og bidra til at kommunane tek i bruk kulturminne som ressursar for oppleveling, kunnskap og verdiskaping**

#### *Indikatorar:*

1. Tap av kulturminne er redusert.
2. Kvar kommune har etablert formidlings-, skjøtselsprosjekt eller verdiskapingsprosjekt for utvalde kulturminne i samarbeid med fylkeskommunen og andre
3. Relevante sektorar i kommunane er klar over verdifulle kulturminne.
4. Et regelmessig opplegg med kurs og samlingar om kulturminne er etablert og lagt til rette for å dekke kommunane sine behov.

## Mål 2: Samarbeid

### Betre samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane

*Indikatorar:*

1. Talet på motsegnssaker er vesentleg redusert.
2. Det er etablerte gode rutinar for tidleg dialog i alle plan- og byggjesaker.
3. Basert på fordeling av roller, ansvar og samarbeidsformer mellom kommunane og fylkeskommunen er det etablert partnarskapsmodell for auka kommunalt handlingsrom i kulturminnevernet.
4. Kontakten mellom kommunane og musea når det gjeld kulturminne og verdiskaping er styrka.
5. Etablering av ordningar for kommunale tilskot til lokalt prioriterte kulturminne utløyer medverknad frå fylkeskommunen og staten.

## Mål 3: Kulturminneplanar

### Styrke alle kommunane sitt arbeid med kulturminneplanar.

*Indikatorar:*

1. Alle kommunar i Hordaland skal ha, eller ha starta ein kulturminneplan innan slutten av 2016.
2. Vedtekne kulturminneplanane gjev føringar for fylkeskommunal sakshandsaming i arealplansaker og for prioritering av tilskot til tiltak (skjøtsel, vedlikehald, formidling og verdiskaping).

## Mål 4: Dokumentasjon

### Leggje til rette for bruk av digitale kulturminneregister i kommunane.

*Indikatorar:*

1. Alle kommunar har kompetanse og tilgang til oppdaterte elektroniske register over alle kjende arkeologiske og nyare tids kulturminne (Askeladden og Sefrak).
2. Kommunane har eigne lokale kulturminneregistreringar.
3. SEFRAK arkiv med kartfesting og foto av objekt er digitalisert med søkjemoglegheit tilgjengeleg for alle kommunar.
4. Dei meste verdifulle kulturminna i kvar av kommunane er identifisert og kartfesta.
5. Prioriterte kulturminne i alle kommunar lagt inn i digitalt kart-og database

# Skildring av prosjektet

## Prosjektet kviler på fire grunnpilarar:

1. Kunnskap og kompetanse
2. Samarbeid
3. Kulturminneplanar
4. Dokumentasjon

## 1. KUNNSKAP OG KOMPETANSE

### KVA:

Tema:	Problemstillingar:
<b>Lovforståing:</b>	Kulturminneloven, Plan- og bygningsloven, forskrift mv.
<b>Metode:</b>	Kulturminne i plan- og byggjesaker, bruk av styringsdata, verdivurdering av kulturminne, planleggingsmetodikk, bygningsvern
<b>Lokalt utviklingsarbeid:</b>	Formidling, vedlikehald, tilrettelegging og skjøtsel, verdiskapingsarbeid.

### KORLEIS:

	Tiltak:	Antal:
<b>Verkstad/samlingar:</b>	Kulturminneplanar	2
	Formidl, skjøtsel, vedlikehald og verdiskaping	2
	Praktisk bygningsvern	4
	Tilrettelagt for kvar kommune eller region	ved behov
<b>Kurs:</b>	Kulturminnedatabase og kart	2
	Bygningsvern for kommunane	1
	Forvaltning av kulturminne og lovverk	1

## 2. SAMARBEID:

### KVA:

Tema:	Problemstillingar:
<b>Samarbeidsordningar</b>	Samordning mellom kommunane, fylkeskommune, musea, andre sektorstyresmakter og lokale partar

### KORLEIS:

	Tiltak:	Antal:
<b>Rådgjeving</b>	Eiga rådgjevingsordning for kommunane - tidleg og tydeleg – leggje fram planar og tiltak utanom planforum. Vekt på å rydde i motsegnssaker	løpende
<b>Partnarskapsmodell</b>	Basert på gjeldande roller, ansvar og samarbeid mellom kommunane og fylkeskommunen vert det etablert partnarskapsmodell for auka kommunalt handlingsrom i kulturminnevernet.	
<b>Kommunane og musea</b>	Styrke kommunane og musea sin kompetanse om kulturminne og utvikle samhandling og samarbeid som vil vare utover prosjektet: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Modellar for korleis musea og frivillege kan stø kommunane med registreringsarbeid, skjøtsel, vedlikehald og formidling.</li> <li>- Styrka kontakt mellom kommunane og musea om kulturminnevern og verdiskaping</li> </ul>	løpende
<b>Koordinert verkemiddelbruk</b>	Etablering av ordningar for kommunale tilskot til lokalt prioriterte kulturminne med medverknad frå fylkeskommunen og staten.	løpende
<b>Konkrete oppgåver og samarbeidsprosjekt - døme</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Skjøtsel og formidling</li> <li>- Styrke formidling av forhistorie i musea</li> <li>- Kulturminneprosjekt i skulesekken</li> </ul>	løpende
<b>Informasjon</b>	Nettportal hos Hordaland fylkeskommune: alt om prosjektet og med link kommunedelplan for kulturminne, informasjon om kurs og verkstad, informasjon om kulturminne i kommunane i Hordaland.	løpende

### 3. KULTURMINNEPLANAR:

#### KVA:

Tema:	Problemstillingar:
<b>Planlegging</b>	Utarbeide kommunedelplan for kulturminne i alle kommunar; integrering av kulturminne i kommuneplanar og delplanar; integrering av kulturminne i dei ulike kommunale sektorane si forvalting

#### KORLEIS:

	Tiltak:	Antal:
<b>Verdivurderingar</b>	Verdivurdering av kulturminne i kvar kommune og identifisering av dei mest verdifulle kulturminna. Kompetanse frå fylkeskommune og musea nyttast.	Aktuelle kommunar
<b>Dialogmøte med kommunane.</b>	Det er planlagt seks regionale verkstadssamlingar:  - Kulturminneregistrering - Verdivurdering av kulturminne (i ulike regionar i Hordaland)	3 x 3-4x
<b>Tilskotsordningar</b>	Arbeid i kommunane med økonomisk støtte på inntil kr 100 000,- frå Hordaland fylkeskommune.	3.000.000,-
<b>Kulturminneplanlegging</b>	Fylkeskommunen gir råd (Basert på kommunane sine behov og Riksantikvaren sin mal for kulturminneplanar	løpende


### 4. DOKUMENTASJON:

#### KVA:

Tema:	Problemstillingar:
<b>Register</b>	Bruk av Askeladden, SEFRAK, lokale register, sjøbruksmiljø, krigsminne, konsekvensutgreiingar, omsynssonar (spesialområde vern), kulturminnerapporter, oppdateringsrutinar, utvikle metodar for å måle utvikling og tilstand på kulturminne

**KORLEIS:**

	<b>Aktivitet</b>	<b>Antal:</b>
<b>Kulturminneregistreringar</b>	Lokal registrering av kulturminne, jf Riksantikaren si handbok Registrering av lokale kulturminne. (Riksantikvaren gjev kvar kommune inntil kr 100 000,- i støtte til registrering av kulturminne).	Kvar kommune
<b>Digitalisere skjema og foto frå SEFRAK</b>	Delprosjekt - (SEkretariatet For Registrering Av faste Kulturminne i Noreg). SEFRAK er eit stort landsdekkjande register av eldre bygningar bygd før 1900. Feltarbeid for dette registeret vart utført mellom 1975-1995. I Hordaland er det over 40000 objekt	600 000,-
	som er fotografert og skildra.  Det er viktig å gjøre informasjon søkbar for kommunane og for å sikre dette omfattande registrerings- og arkivmaterialet. Fleire kommunar har ikkje teke vare på skjema og foto.	
<b>Rutinar</b>	Etablera faste rutinar for kven som dokumenterer kva, korleis og kor informasjon om ulike kulturminne vert lagra og formidla. (Kulturminnetemadata, dokumentasjon og vedlikehald)	løpende
<b>Statistikk</b>	Etablere styringsdata i alle kommunar (dokumentera utvikling om kulturminne over tid)	



Freda kulturminne i Hordaland 2013

## Interessentanalyse

Kommunane er ein hovudinteressent og gjennom dei, frivillige organisasjoner og grunneigarar. Sjølv om plan- og kulturkontor vert hovudaktør i kommunen er det viktig at alle sektorar, td miljø, næring, landbruk og skule er aktørar i forma av kulturminneplanen. I tillegg er musea med regionalt ansvar (v/bygningsvernksulentane) og sentrale aktørar. Fleire delar av administrasjonen i Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland vil vera involvert i prosjektet.

## Risikovurdering

Prosjektet må tuftast på sterkt lokal medeigarskap. Det er kommunane som skal utarbeide kulturminneplanar og utføre kulturminneregistreringar. Det er ein risiko at dei ikkje har ressursar til å gjennomføre arbeidet. Her må fylkeskommunen og bygningsvernksulentane i musea bidra, evt. må det vurderast å nytta konsulentar.

Det kan være vanskeleg å avgrense registreringsarbeid og kulturminneplan til dei viktigaste kulturminna. Her må ein ta utgangspunkt i eksisterande kunnskap og begynne med objekta som alt er vurdert som viktig og få på plass korleis ein skal handtere kulturminne som ikkje er vurderte gjennom sakhandsamingrutinar og rullering av planen.

Arbeid med ein kulturminneplan kan ta tid å få i gang, organisere og gjennomføre. Fylkeskommunen vil ha ei viktig rolle med å følgje med i arbeidet og bidra med konstruktive løysingar dersom lokale prosessar stopper opp.

## Aktivitetsplan

Sjå vedlegg

## Tidsplan

Prosjektoppstart 2013 og avsluttast 31.12.2016.

## Plan for kommunikasjon og rapportering

- I desember kvart år vert det gjort ei evaluering av prosjektet og eventuelt justering av aktivitetsplan etter handsaming i styringsgruppa
- Kultur- og ressursutvalet skal ha løpende orientering om aktivitet og framdrift i prosjektet.
- Det vert oppretta ein plass på internett (fylkeskommunen sin nettstad) for orientering om aktivitetar og utveksling av informasjon.
- Prosjektet skal levere ein ferdig statusrapport innan 31.12.2016.

## Ressursbruk

### *Framlegg til budsjett*

	2013	2014	2015	2016
SEFRAK digitalisering		200 000	200 000	200 000
Kurs/verksted	100 000	200 000	200 000	200 000
Ressursbruk (årsverk)		1 500 000	1 500 000	1 500 000
Støtte frå HFK til kommunane for kulturminneplan		1 000 000	1 000 000	1 000 000
Støtte frå RA til fylkeskommune	200 000	200 000	200 000	
Støtte frå RA til kommunane for kulturminneregistrering	800 000	800 000	800 000	
<b>Samla kostnad</b>	<b>1 100 000</b>	<b>3 900 000</b>	<b>3 900 000</b>	<b>2 900 000</b>

### *Framlegg til finansiering*

	2013	2014	2015	2016
HFK: Sefrak digitalisering		200 000	200 000	200 000
Riksantikvaren: Regional kulturminnekompesanse	200 000	200 000	200 000	200 000
Riksantikvaren: kommunal kulturminneregistrering	800 000	1 000 000	1 000 000	
HFK: Ressursbruk – 2 årsverk	100 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
HFK: Budsjettløyving		1 000 000	1 000 000	1 000 000
<b>Samla finansiering</b>	<b>1 100 000</b>	<b>3 900 000</b>	<b>3 900 000</b>	<b>2 900 000</b>

I tillegg kjem ein stor innsats for kvar einskild kommune i samband med registrering av kulturminne og utarbeidning av kommunedelplan for kulturminne.

## Organisasjon

**Prosjektansvarleg:** Kultur- og ressursutvalet, Hordaland fylkeskommune

**Styringsgruppe:**

Hordaland fylkeskommune:	Kulturminnevern og museum (leiar), Planeksjonen
Kommunane:	Tre kommunar
Musea:	Museum Vest
Fylkesmannen:	Kommunal- og samfunnsplanavdelinga
Prosjektleiing:	Kulturminnevern og museum.

**Referansegruppe/faggruppe:** Kommunane, KS, Bergens sjøfartsmuseum, Riksantikvaren, regionsmusea , fylkesmannen, Universitetsmuseet, alle relevante avdelingar og sektorar i fylkeskommunen.

## Korleis prosjektet heng saman med andre oppgåve eller prosjekt

Prosjektet er del av arbeidet med å forenkle og styrke det ordinære forvaltingsarbeidet og vert eit satsingsområde for Seksjon for kulturminnevern og museum dei neste åra. Prosjektet er knytt til Riksantikvarens si satsing, Kunnskapsløftet, og arbeidet med utvikling av kulturminnekopetanse i kommunane.

## Overlevering og oppfølging av prosjekt etter prosjektslutt

Prosjektet skal føre til varig endra praksis i kulturminevernet i Hordaland og vert av dei viktigaste tiltala for å nå dei nasjonale 2020-måla i fylket.

I samband med utarbeiding av kulturminneplanar i kommunane må det drøftast korleis dei skal rullerast i framtida.

Når prosjektet kulturminnekopetanse i kommunane er ferdig bør det gjennomførast ei evaluering av resultat og ei vurdering av justert vidareføring av utvalde aktivitetar fram mot 2020, til dømes ein regional handlingsplan for kulturminne som oppfølging.

Prosjektet skal etablere målbar statistikk om kulturminne som kan brukast for framtidig evaluering av tilstanden for kulturminne i Hordaland.

---

## Vedlegg:

- 1. Aktivitetsplan**
- 2. Nøkkeltal**
- 3. Saksframlegg PS 14/2014, 30.01.2014**
- 4. Saksprotokoll fylkesutvalet 30.01.2014**




## Aktivitetsplan Kulturminneplan i kommunane 2013-2016 (KIK) – Hordaland fylkeskommune

<b>Aktivitet</b>	<b>Aktor*</b>	2013				2014				2015				2016			
		1.	2.	3.	4.	1.	2.	3.	4.	1.	2.	3.	4.	1.	2.	3.	4.
- Kulturminneprosjekter i skulesekken	HFK, K																
<b>3. Kulturminneplanar</b>																	
Dialogmøte med kommunane/region etter behov	HFK, K																
Verdifuldering av kulturmiljø innen med musea	HFK, M, K																
Tilskotsordning for kommunane inntil kr 100 000,- fra Hordaland fylkeskommune																	
Kulturminneplanlegging – rådgjeving basert på kommunane sine behov og Riksantikvarens mål for kulturminneplaner	RA, HFK, M, K																
Rapportering status fra kommunane tildelet midlar																	
Tal kulturminneplan vedtatt	K																
Tal kulturminneplan revisert	K																
Tal kulturminneplan kartfestet (og revisert)	K																
<b>4. Dokumentasjon</b>																	
Kulturminneoversikt (eksisterende kunnskap)	HFK, K																
Kulturminneregistrering (tilskot av inntil kr 100 000,- for hver kommune fra Riksantikvaren)	HFK, M, K																
Digitalisering av skjema og foto fra SEFRÅK	HFK,																
Rutinar for kulturminnedata og dokumentasjon	HFK, M, K																
Statistikk – etablere styringsdata om kulturminne i alle kommunar (dokumentera utvikling over tid)	HFK, M, K																
Rapportering styringsgruppe, evaluering, justering	HFK																
Statusrapportering KURE og fylkesutvalget	HFK																
Sluttrapportering	HFK																

\*Aktor: K – kommune, M – musea; HFK – Hordaland fylkeskommune; RA – Riksantikvaren; FM – Fylkesmannen


## Nøkkeltal om freda kulturminne i Hordaland - september 2013:

### Tal fornminne lokalitetar i Hordaland sept 2013 - 5037



\* Fra Askeladden - Hordaland - Kategori L-ARK; utan vernestatus FJE eller IKKE 21.09.2013


### Tal bygg- og kirkelokalitetar freda og listeførte i Hordaland - sept 2013 - 339



\* Frå Askeladden - Hordaland - Kategori L-BVF og L-KRK; utan vernestatus IKKE og OPP 21-09.2013


## Eksempel tal om tap freda kulturminne i Hordaland

**Tap av gravminne i % fra 1880 til 1988**




Kilde: Svein Indrelid, Universitetsmuseet i Bergen

**Tap av gravminne i % i løpet av siste generasjon**




Kilde: Svein Indrelid, Universitetsmuseet i Bergen

## Nøkkeltal stående SEFRAK bygg i Hordaland 31.12.2013



## Eksempel tal om tap SEFRAK bygg i Hordaland

Gjennomsnitt tap for hele Hordaland er 13%.



% tap stående SEFRAK bygg fra registreringstidspunkt til 31.12.2012 (basert på matrikkelen)



Arkivnr: 2014/673-1

Saksbehandlar: Per Morten Ekerhovd, Elizabeth Warren

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		21.01.2014
Fylkesutvalet		30.01.2014

## Prosjekt – Kulturminneplan i kommunane 2013 – 2016 (KIK)

#### Samandrag

Fylkesutvalet gjorde våren 2013 vedtak i sak 58/13 om at alle kommunar i Hordaland skal ha ein kulturminneplan innan utgangen av 2015, og at kommunane sin kompetanse på fagområdet skal utviklast. Dette er ambisiøst sett i lys av at berre ni kommunar i Hordaland har vedteke slik plan. Den eldste er frå 1998 og moden for rullering, den nyaste vart vedteken i mai 2013. Målet er seinare sett til 2016.

Som eit av tiltaka i det nasjonale *Kunnskapsløftet* på kulturminneområdet har Riksantikvaren invitert fylkeskommunane til å utarbeide prosjekt for å utvikle lokal kulturminnekompotanse og styrke satsing på lokalt kulturminnevern. I 2013 løyvde Riksantikvaren 1 million kroner til styrking av kulturminnekompotansen i kommunane i Hordaland. Midlane frå Riksantikvaren er meint som delfinansiering for registrering og utarbeiding av kulturminneplanar og er også støtte til fylkeskommunen for å gjennomføre prosjektet. Etter søknad frå kommunane har Hordaland fylkeskommune fordelt midlar frå Riksantikvaren til registrering og utarbeiding av kulturminneplanar i 8 kommunar i 2013.

For å skreddersy satsinga har Hordaland fylkeskommune utarbeida prosjektet *Kulturminneplan i kommunane 2013-2016*. Statleg løyving frå Riksantikvaren kombinerast med fylkeskommunal og kommunal kompetanse og midlar. Prosjektet går over 4 år, med føresetnad om løyving frå Riksantikvaren på ein million kroner kvart år i 3 år. I løpet av prosjektperioden skal alle kommunar i Hordaland som ikkje har ein kulturminneplan, eller som har eldre kulturminneplanar, takast opp i prosjektet. Samarbeid mellom stat, fylkeskommune, kommunar, museum og frivillige vert styrka, slik at god lokal forvalting av kulturminne vert utvikla. Aktuelle tiltak er opplæring, registrering, planarbeid, skjøtsel og formidling. Hordaland fylkeskommune vil bidra med kr 100 000,- til kvar av kommunane for å utarbeide ein kulturminneplan. Hordaland fylkeskommune vil bruke prosjektet til å styrke samarbeidsmodellen fylkeskommune – kommunar – museum. Musea som fagleg ressurs i lokalsamfunna er mellom anna heimla i Regional plan for museum.

I Årsbudsjett 2014 / Økonomiplan 2014-2017 har fylkestinget lagt inn årleg ramme på 1 mill. kr til formålet i kvar av dei neste tre åra.

For nærmere omtale av prosjektet, sjå vedlagte prosjektplan.

**Forslag til innstilling/vedtak/avgjerd**

1. Fylkesutvalet sluttar seg til innhaldet og satsinga og vedlagte prosjektplan for prosjektet Kulturminneplan i kommunane 2013-2016.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 09.01.2014

### Bakgrunn

#### *Tap av kulturminne*

Hordaland er mellom anna kjenneteikna ved dei sterke demografiske endringane med høg vekst i Bergensregionen og i kystkommunane. Fylket har mange nasjonale kulturminne: verdsarv, freda kulturminne, eit særmerkt landskap og viktig kystkultur. Vern og utvikling av desse ressursane må speglast i ein regionalt tilpassa kulturminnepolitikk.

Ein stor del av forvaltingssakene i fylkeskommunen er planar og tiltak i vekstområda i fylket. Høgt tap av kulturminne skjer i stor grad i dei av kommunane som ikkje tek kulturminneansvar, ikkje har kulturminneplanar, der ein ikkje avklarar interesseomsetsnader på førehand eller ikkje handsamar sakene etter gjeldande lovverk. Ein kan også identifisere tap av kulturminne som er skulda av fråvær av vekst eller endringar i næringsgrunnlaget – kommunar med folketalsnedgang har eigne utfordringar . Attgroing, forfall av landbruksbygningar eller nedlegging av industri er slike døme.

Konsekvensen av desse prosessane er at mange kommunar taper store mengder kulturminne på kort tid. Etter førebelse undersøkingar gjort av Hordaland fylkeskommune og Riksantikvaren for SEFRAK-registrerte bygningar (før 1900) ligg årleg tap i Hordaland vesentleg høgare enn det nasjonale måltalet på 0.5 % /år. For Hordaland som heilskap er ein langt frå å nå dei dei politisk vedtekte måla for kulturminnevernet.

#### *Kulturminnevern som fag- og politikkområde i kommunane*

Kommunane er primær styresmakt for alle plan- og byggjesaker og har brei kompetanse på sine forvaltingsoppgåver. Plan- og bygningsloven er det lokale styringsverktøyet for kulturminne og kulturlandskap, og kommunane har dermed også ansvar for dei fleste kulturminna som del av den lokale arealpolitikken.

Dersom ein skal ha ei berekraftig kulturminneforvalting er det avgjerande at kommunane handterer dette feltet skikkeleg. Statistikk over tap av kulturminne i Hordaland stadfestar at dette ikkje er tilfelle. For kulturminne med regional eller nasjonal verdi, der staten og fylkeskommunen er mynde, er tapsprosenten låg. For lokale kulturminne der kommunane har avgjerdsmynne er tapstala urovekkjande høge. Mellom mange oppgåver i kommunane vert kulturminne ofte sett på som eit perifert saksfelt. I tråd med nasjonale målsettingar er det likevel viktig at ein i større grad gjer kulturminne til ressursar for lokal verdiskaping og samfunnsutvikling. Her er det behov for å støtte kommunane og lokale kompetansemiljø slik at kulturminne vert premissar i forvalting og utvikling.

I arealsaker kan fylkeskommunen reise motsegn til planar i kommunane. Samanlikna med talet på saker som fylkeskommunen handsamar er talet på motsegner lavt, men det i seg sjølv ikkje ønskjeleg å bruke dette verkemiddelet. Dei fleste av motsegogene er kurante å rydde opp i, men kan også vere symptom på at kommunen ikkje har utvikla kulturminnevern som eit eige politikkområde. At mange av kommunane ikkje har teke stilling til kulturminne i eige planverk er mellom dei viktigaste årsakene til konflikt mellom vern og utvikling, bruk av motsegn mv.

#### *Manglende kulturminneplanar for mange kommunar.*

Som regional kulturminne- og planstyresmakt arbeider Hordaland fylkeskommune for å stimulere til at kulturminne vert integrert i ei heilskapleg samfunns- og arealplanlegging. Tap av kulturminne må reduserast samtidig som dei vert ein innsatsfaktor i lokal samfunnsutvikling. Gode kommunedelplanar for kulturminne med lokal eigarskap er eit viktig reiskap for å få dette til.

Fleirtalet av kommunane i Hordaland manglar slike planar. Ein del har vedteke å utarbeide slike i vedtekne planstrategiar i 2012-2016. Osterøy, Eidfjord, Fitjar, Sveio, Vaksdal, Radøy, Øygarden, Ullensvang og Kvam har alle sett oppstart av kommunedelplan kulturminne i perioden 2013-2014. Andre kommunar har ikkje meldt oppstart av kommunedelplanar, eller har ikkje slutført igongsett arbeid (sjå oversyn).

Gode register over kulturminne er grunnlag for å velje ut og verdsetje kulturarven. Nasjonale register er viktig styringsinformasjon for kommunane og fylkeskommunen. Kommunane har svært ulik kompetanse, noko som kan forklare dei kommunale planane som kjem på høyring til fylkeskommunen og som er i konflikt med kjente nasjonale kulturminne, td arkeologi.

#### *Reduserte tap krev utvikling av kompetanse i kommunane*

Kommunane er den viktigaste av dei tre forvaltningsnivåa i høve dei fleste samfunnsområde – også kulturminne. Kommunal forvalting er tufta på sterk lokal kjennskap og grunnleggjande kulturminnekompesanse i kommunane er heilt avgjerande for å nå dei nasjonale målsettingane på feltet.

Redusert tap krev at kulturminne vert premissar i dei relevante offentlege prosessane som kommunane styrer. Kulturminnevern er i stor grad avhengig av spesialistkunnskap, men dette har dei fleste kommunar ikkje rammer til å prioritere. Hordaland fylkeskommunen bør difor satse på å støtte opp under lokal kompetanse. Fylkeskommunen skal vere støttespelar og tilby ressursar som kan utvikle det kommunale arbeidet med kulturminne, til dømes ved tilrettelegging av informasjon og opplæring tilpassa kommunane sine behov.

Lita interesse for kulturminnevern som politikk- og forvaltningsområde i kommunane skuldast at ein i stor grad legg ansvaret for handtering av lokale saker over på regionale styresmakter. Dette er ikkje ein konstruktiv praksis. Heilskapen i dette feltet kan styrkast vesentleg ved å prioritere kulturminnevern i parharskap.

For regionalforvaltinga er det viktig å være ansvarleg i forhold til sitt lovheimla myndesoppdrag. Kommunane bør så langt som råd få tidlege og tydelege svar i alle relevante plan- og byggjesaker, mellom anna i oppstartsfasen, obligatoriske planforum, synfaringar, arkeologiske registreringar og offentleg ettersyn. Det er viktig at både kommunar og fylkeskommune er proaktive i planprosessane, og at kommunane kan gjere aktiv bruk av fylkeskommunen for å løyse kulturminnefaglege utfordringar. Her ligg eit stort potensiale for forenkling og effektivisering av kompliserte prosessar.

#### *Kommunane sitt arbeid med kulturminneplanar*

Ein kulturminneplan seier noko om kva kulturminne som ligg i kommunen og tek stilling til korleis ein skal ta vare på dei. Gode kulturminneplanar er effektive verktøy for å redusere uønskte tap av kulturminne, for å senke talet på motsegner frå fylkeskommunen til kommunale tiltak, og for å styrke den lokale eigarskapen til kulturminnevernet. Slike planar gjev eit meir forutsigbart kulturminneregime og alle kommunar bør ha planar som legg tydelege rammer kulturminna sine.

Ein kommunedelplan for kulturminne er eit viktig reiskap for kommunen i forvaltning av alle kulturminne, og eit verktøy for å vurdere korleis kulturminne kan nyttast innanfor satsingsområde som reiseliv, utdanning, fysisk miljø, marknadsføring, utvikling av attraktive tettstader og identitetsskaping i kommunen. Ved forvaltning av plan- og bygningslova er det naudsynt at kommunen har ein oversikt over kulturminna.

Fylkeskommunen skal vere ein støttespelar for det lokale kulturminnearbeidet. Det er viktig at fylkeskommunen legg til rette for dei kommunane som skal starte opp arbeid med kommunedelplanar for kulturminne. Kommunar som er i gang er prioriterte samarbeidspartnerar, saman med dei kommunane som skal rullere eldre kommunedelplanar. Det er mogeleg å sjå for seg at vedtekne kulturminneplanar kan gje grunnlag for ei partnarskap/avtaler med kommunane om ei ansvarsdeling for kulturminne av lokal interesse, vurdert ut frå kommunane sine ressursar og behov. Desse kommunane vil dermed få større handlingsrom på dette saksfeltet.

#### *Legge til rette for bruk av digitale kulturminneregister i kommunane.*

Digitale register over kjende kulturminne skal vere enkle og førtseieleige og gjere det enklare for kommunane å utarbeide arealplanar som ikkje er i konflikt med kulturminne med regional eller nasjonal verdi. Her må kommunane sin bruk av offentlege register styrkast. Det same gjeld etablering av enkle lokale register med oversyn over lokale kulturminne.

## **Strategiar - samandrag:**

1. *Redusert tap av kulturminne – styrka kompetanse i kommunane*
2. *Betre samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane – mindre motsegner og vekt på dialog*
3. *Styrke kommunane sitt arbeid med kulturminneplanar.*
4. *Leggje til rette for bruk av digitale kulturminneregister i kommunane.*

## **Samspel stat, fylkeskommune, kommune**

### *Kulturminneplan i kommunane 2013 – 2016*

I 2010 lanserte Riksantikvaren prosjektet Kunnskapsløftet - ei langsiktig satsing med mål om å sikre ta betre vare på freda og verneverdige kulturminne. Satsinga er mellom anna ein respons på kritikken Riksrevisjonen retta mot resultatstyringa i kulturminnevernet (Sjå dokument nr. 3:9, 2008-2009, *Miljøverndepartementets ivaretakelse av det nasjonale ansvaret for fredete og verneverdige bygninger*).

Eit viktig tiltak er styrking av kulturminnekompesansen i kommunane inkl registrering og kartfesting av kulturminne og utarbeiding av kulturminneplanar. Fylkeskommunen har ei sentral rolle gjennom tilrettelegging, utarbeiding av samarbeidsmodellar, kunnskapsformidling og rådgjeving. Intensjonane i Kunnskapsløftet er handsama av fylkesutvalet i sakene *Prioriteringer for kulturminneforvaltinga 2011, 2012 og 2013*.

Fylkesutvalet gjorde våren 2013 vedtak i sak 58/13 og sette ei målsetting om at alle kommunar i fylket skal ha ein kulturminneplan innan utgangen av 2015. Frist vart sett til 2016 gjennom vedtak i fylkesutvalet i sak 244/13. Dette er framleis ei ambisiøs målsetting. Per i dag har ni av 33 kommunar slike planar, dei eldste av desse er frå 1998 og såleis mogen for rullering. Den nyaste er Samnanger som vedtok kommunedelplan for kulturminne i mai 2013.

Som ei oppfølging av fylkesutvalet sitt vedtak søkte Hordaland fylkeskommune i 2013 Riksantikvaren om statleg stønad til ei satsing i Hordaland og la mellom anna vekt på samarbeidsmodellen mellom fylkeskommune, musea og kommunane. 17. 04. 2013 løyvde Riksantikvaren ein million kroner til tiltak i Hordaland; kr 800 000,- til åtte kommunar (Austrheim, Eidfjord, Fjell, Kvinnherad, Radøy, Sund, Ulvik og Øygarden) og kr 200 000,- til fylkeskommunen. Til saman søkte fjorten kommuner om støtte. Sveio, Fitjar, Stord, Odda, Vaksdal har tidlegare fått støtte frå fylkeskommune og/eller Riksantikvaren i arbeid med kulturminneplaner. Desse midlane utgjer den økonomiske startkapitalen i prosjektet som skal støtte opp om lokal kulturminnekompesanse og gjev høve til nye og effektive samarbeid som femner styresmaktene i stat, fylkeskommune og kommunar. Vilkår for tilskotet frå Riksantikvaren er:

- Kommunane har plan for gjennomføring av kulturminneregistreringar.
- Politisk vedtak om utarbeiding av kulturminneplan.
- Krav om innlegging av kulturminneregistreringar i Kulturminnesøk eller andre baser som kan utveksle data med Kulturminnesøk.
- Det skal sendast rapport til fylkeskommunen.

## **Prosjekt Kulturminneplan i kommunane 2013 – 2016 (KIK)**

### *Etablering av prosjekt*

For å styrke satsinga, etablerer Hordaland fylkeskommune eit tidsavgrensna prosjekt frå 2013-2016 i samråd med kommunar og statlege styresmakter: *Kulturminneplanar i kommunane 2013-2016*. Styrka kommunal kulturminnekompesanse skal redusere tap av lokale kulturminne og bidra til at kommunane tek i

bruk kulturminne som ressursar for oppleving, kunnskap og verdiskaping. Gode kulturminneplanar bidreg til meir førutseieleg forvalting og kommunane får dermed større lokalt handlingsrom på arealplanfeltet. Prosjektet skal styrke samarbeidet mellom stat, fylkeskommune, kommunane og musea om opplæring, registrering, planarbeid, skjøtsel og formidling. Kulturminna skal sikrast god lokal forvalting.

Prosjektet er tenkt over 3 år, med føresetnad om løyving frå Riksantikvaren på ein million kroner kvart år, med fordeling 200 000 kroner til fylkeskommunen og 800 000 kroner til kommunane. I samband med handsaming av Årsbudsjett 2014 / Økonomiplan 2014-2017 har fylkestinget vedteke årleg ramme på 1 mill. kr til formålet dei neste tre åra.

I løpet av prosjektpersonen skal dermed alle kommunane i Hordaland som ikkje har ein kulturminneplan, eller som har eldre kulturminneplanar, delta i prosjektet. (Sjå vedlagte prosjektplan).

### **Framlegg til budsjett:**

	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
<i>SEFRAK digitalisering</i>		200 000	200 000	200 000
<i>Kurs/verkstad</i>	100 000	200 000	200 000	200 000
<i>Arbeidskraft (årsverk)</i>		1 500 000	1 500 000	1 500 000
<i>Støtte til kommunane</i>		1 000 000	1 000 000	1 000 000
<i>Støtte frå RA til fylkeskommune</i>	200 000	200 000	200 000	
<i>Støtte frå RA til kommunane</i>	800 000	800 000	800 000	
<b>Samla kostnad</b>	<b>1 100 000</b>	<b>3 900 000</b>	<b>3 900 000</b>	<b>2 900 000</b>

### **Framlegg til finansiering:**

	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
<i>HFK: Sefrak-digitalisering</i>		200 000	200 000	200 000
<i>Riksantikvaren:</i>				
<i>Regional kulturminnekompesanse</i>	200 000	200 000	200 000	200 000
<i>Riksantikvaren:</i>				
<i>kommunal kulturminneregistrering</i>	800 000	1 000 000	1 000 000	
<i>HFK: Ressursbruk – 2 årsverk</i>	100 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
<i>HFK: Budsjettløyving</i>		1 000 000	1 000 000	1 000 000
<b>Samla finansiering</b>	<b>1 100 000</b>	<b>3 900 000</b>	<b>3 900 000</b>	<b>2 900 000</b>

I tillegg kjem innsatsen i kvar einskild kommune og frivillige i samband med registrering og planarbeid.

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet sluttar seg til innhaldet og satsinga og vedlagte prosjektplan for prosjektet Kulturminneplan i kommunane 2013-2016.
2. Fylkesutvalet ser det som viktig med god dialog med kommunane i kulturminnesaker.